

## **”Langs Åkrafjorden” slår på stortromma!**

kr 6000.- trekt blant alle deltakarane! Dette sponsar Etne Sparebank og arrangørane i Fjorda-alliansen. Denne alliansen består av dei tre idrettslaga med tilknytning til Åkrafjorden: Fjæra og Rullestad IL, IL Gro (Markhus) og IF Klypetussen. Løpet startar siste lørdag i mai på Tjelmeland ved Kyrping Bensin og Dagligvarer

### ***Opplev Gamlevegen som aldri før***

Så går det den vakre gamlevegen om Rafdal til Åkrafjordtunet. Mesta har i alle dei fem føregåande åra sørja for at løypa er rydda og kosta. I alt er det nøyaktig 11km. Undervegs er det drikkestasjon ved Trolldjuv bru. Og langs heile løypa er det vakre fotomotiv over alt. Når ein så kjem til mål får ein krus med løpslogo på dei fem fyrste åra ein er med. deretter byrjar ein å spara opp til noko endå gjevare når ein har vore med ti gonger.

### ***Du bestemmer***

Her kan ein velja om ein vil gå, sykla eller springa. Alle er med i trekkinga av fine premiar, ikkje minst eit gåvekort på kr 6000.-. Løparane kjemper om Bergprisen på toppen etter 2.7km. Miriam Berg Hovda har rekorden for kvinner, og Svein Erik Eide for menn. Dei same har rekorden i mål etter 11 vakre kilometer. Dei tre raskaste vinn Hardangerbestikk og får i tillegg kvar sin heile laks sponsa av Marine Harvest, som held til i Rafdal. Fjordaalliansen sørger for gratis transport mellom Tjelmeland (Kyrping) og Åkrafjordtunet for både folk og syklar, om ein vil parkera på førehand inne på Åkrafjordtunet. I tillegg lagar Åkrafjorden Oppleving til grillfest og atmosfære i målområdet.

Kontaktmann er det gode mennesket på Åkrafjordtunet: John Karsten Hustveit – alltid velvillig, smilande og blid. Han svarer på alle spørsmål om ”Langs Åkrafjorden” lørdag 31.mai.